

STYRLAUSE PROSESSAR

20.6-23.8.2020

**Leander Djønne/Tora Sanden
Døskeland/Ingri Haraldsen/Cecilia
Jonsson/Pierre Lionel Matte**

Det som ikkje let seg kontrollera eller som utviklar seg i uføreseielege retningar, har eit stort skapande potensial samstundes som det kan vekke djup uro, ei kjensle av å røre seg på ei papirtynn hinne over usikker grunn. Dei aktuelle kunstnarane relaterer seg til korleis me brukar og rører oss i naturen me er del av. Naturen er både kjent og utanfor fatteevne, den er referanse og råvareleverandør, bustad og levevei for alle på jorda. I løpet av nokre få månader i 2020 har me blitt konfrontert med at naturen inneheld liv og prosessar som er styrlause. Det er mykje som føregår som me ikkje har innsyn i. Me visste det, eigentleg. Og er kan hende ikkje overraska heller. Den korte augneblinken der me (i alle fall nokon av oss) trudde me hadde kontroll, er kanskje over.

Leander Djønne si kunstnarlege praksis bevegar seg hovudsakelig mellom film, tekst,

foto og skulptur. Kunstnarskapet handlar om konfliktar mellom natur og sivilisasjon og korleis mennesket inngår i dette spelet. Filmen *Kvardagsstein* er ein studie av landskapet i Indre Hardanger og Syd-Grønland og korleis det påverkar dei som bur der. Samstundes handlar filmen om vandring og reise, det å slå røter eller miste tilhøyrse, fråflytting og utvandring, menneska sitt ynskje om å vera ein del av noko større enn seg sjølv og samstundes oppleve einsemd.

Tora Sanden Døskeland er forfattar. I utstillinga visar ho tekstar frå boka *Behold meg*.

Kler meg i hans bukser, arver buksens fasong.

Avstøpningen av knærne, det første som knuses, skåler der frø lå i bløt.

Vår tidsregning gjør sårene i jordoverflaten dype, det er ikke lenger vår vårblomstring, sy attersting attersting fort.

Hendene har dårlig håndlag med røde tråder.

Kommer det flere vintre i år, den som visste.

For **Cecilia Jonsson** er vatn eit tilbakevendande tema. Prosjekta utviklas gjennom studiar av eigenskapar ved råvarene som ligg til grunn for menneskje si eksistens. Korleis dei kan peke på ulike naturlege og menneskeskapte fenomen, men og føre til kva sameksistens er i forskjellige miljø. På Kabuso visar ho eit vatn-arkiv; prøvar på vatn samla inn frå naturlege kjelder i heile verda, samt ein liten serie akvarellar. Akvarellane er visuelle spor av kjemiske prosessar der papiret først fargas inn med ph-sensitive fargar, og deretter applikeras med ulike typar væske, som til dømes fruktsaft, kjemikaliar og innsamla vatn.

Ingri Haraldsen teiknar med kol og blyant på papir. Teikningane er ofte basert på fotografisk materiale og utført på ein måte som gjer at motiva verker å vere realistisk attgjeven. Samstundes vil ho dei skal innehalde element av oppdaging, noko som eggjar nysgjerrigheta. Teikningane formidlar slik meir eit stemningsleie enn eit konkret budskap. Motivvalet gjer det vanskeleg å definere akkurat kva ein ser på, sjølv om ein kan kjenne att enkelte delar.

Pierre Lionel Matte arbeider oftast i seriar, med tema som behandlas inngående frå fleire vinklar. *Ali's dictionary* er basert på ei rekke personlege gjenstandar som høyrde til venen Ali Farah Takar (1949- 2012). I teikningane *Studier av Kunstneres hender / Etudes des mains des artistes* er linjene i handa blitt til mentale kart, der eigarane til hendene opplever eigen historie og identitet som splitta. Filmen *Pas De Deux* er ei mørk og dystopisk skildring av industrielle ruinar kombinert med havoverflata, mens *Reisen* er eit lyst reiseportrett av familien sine kanoreiser gjennom 12 år.

Kurator for Styrlause Prosessar er Sissel Lillebostad, Kabuso, i samarbeid med Arild H. Eriksen, NKD.

Styrlause prosessar er eit samarbeid mellom Nordisk Kunstnarsenter Dale, (NKD) og Kunsthuset Kabuso. Prosjektet er satt saman av to utstillingar på Kabuso i periodane 20.6 – 23.8.2020 og 11.6-12.9.2021, og eit tre månader langt arbeidsopphald på NKD, Dalsåsen, sumaren 2020.

Leander Djønné (1981) har ein produksjon som omfattar film, skulptur og tekst, med fleire utstillingar i inn og utland, UKS Oslo, Gallery Neu Berlin, EL Parche Bogota, Astrup Fearnley Museum og Hannover Kunstverein. Djønné er utdanna ved Kunstakademia i Oslo, Bergen og Malmö, samt Staedelschule Frankfurt am Main.

Tora Sanden Døskeland (1992) er utdanna ved Universitetet i København og Skrivekunstakademiet i Bergen. Diktsamlinga *Behold meg* kom ut på Oktober forlag 2018.

Ingri Haraldsen (1984) er utdanna ved Høgskolen i Oslo og det Baskiske Universitet, Bilbao, Spania. Ho har stilt ut på QB Gallery Kunstnerforbundet, Tekningmuseet i Laholm Kronica Museum og The Armory Show, NY.

Cecilia Jonsson (1980) er utdanna ved Bergen Kunst og designhøgskole og det nordiske lydkunst programmet. Hennes kunstnarlege arbeid visast internasjonalt og har motteke ein rekke prisar, blant anna COAL Art and Environmental Prize og Prix Ars Electronica.

Pierre Lionel Matte (1961) har bak seg studieopphald i Polen, Chile og Bolivia i tillegg til Kunstakademiet i Trondheim. Han arbeider idébasert innan dei fleste medier. Dei siste åra har Matte stilt ut på Kunstnerforbundet, Oslo, IKM/OM Oslo, European Rorschach test part II, Kunstbanken og Tegntriennalen i Oslo.